



Søknad om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret

for 2025

Søklar du om eit nytt tilskot? Då må du fylla ut heile søknadsskjemaet.

Søklar du om vidareføring av eit prosjekt? Då må fylla ut punkt 1, 2, 5, 9, 12,15, 16 og 17. Har det skjedd endringar i prosjektet? Då må du i tillegg fylla ut punkta som er relevante for endringane.

Statsforvaltaren bruker status- og økonomirapporteringa av tiltaket for å vurdere om prosjektet skal vidareførast.

Søknaden skal sendast signert til statsforvaltaren innan **1. februar 2025**.

Du finn kontakinformasjonen til statsforvaltaren nedst i kunngjeringa eller på statsforvalteren.no.

Tips: Søknaden kan også brukast som prosjektverktøy for NAV-kontoret gjennom heile utviklingsarbeidet.

1. Opplysningar om søklar

NAV-kontor	
Postadresse	
Organisasjonsnummer	
Kontonummer	
Kontaktperson: namn, e-post og telefonnummer	
Tal på tilsette ved NAV-kontoret: a) under 20 b) 20–50 c) 50–100 d) 100+	
Tal på innbyggjarar i kommunen: a) under 1000 b) 1000–2000 c) 2000–5000 d) 5000–10 000 e) 10 000–20 000 f) 20 000–50 000 g) over 50 000	

Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret

Søknadsskjema for 2025

2. Opplysningar om prosjektet

Namn på prosjektet	
For søknad om vidareføring: Kva dato (dd.mm.åååå) byrja de ta i bruk tilskotet til prosjektet?	

3. Kven er målgruppa for utviklingsarbeidet?

Målgruppe:	Kryss av for aktuell(e) målgruppe(r)
Barnefamiljar	
Flyktingar/innvandrarar	
Ungdom 16–30 år	
Personar med rusavhengigheit	
Personar med psykiske helseutfordringar	
Personar med ROP-liding	
Vanskelegstilte på bustadmarknaden	
Langtidsmottakarar av stønad til livsopphald	
Personar som er i kontakt med kriminalomsorga	
Andre	Beskriv:

4. Ved behov utdyp målgruppa. Skriv inn rundt rekna kor mange i målgruppa vil truleg få eit nytt eller endra tilbod.

--

5. Beskriv det lokale utfordringsbiletet

Beskriv det både frå ståstaden til målgruppa og sett frå NAV-kontoret sitt perspektiv. Bruk lokale kartleggingar, levekårsstatistikkar eller annan informasjon som viser kvifor tiltaket trengst, og kvifor behova ikkje blir dekte per dag. Vis gjerne også viss / der det har oppstått endringar etter oppstart av utviklingsarbeidet.

For søknad om vidareføring: viss/der det har oppstått endringar etter oppstart av prosjektet.

6. Lag ein tydeleg problemstilling for utviklingsarbeidet

Ei tydeleg problemstilling gir prosjektarbeidet ei klar retning. Ho kan gjerne vere formulert som spørsmål. Problemstillinga treng ikkje vere lenger enn éi setning. Ei problemstilling bør starte slik: «Korleis kan vi ...» og kan med fordel innehalda kva effekt eller resultat de ønskjer å skapa.

7. Beskriv korleis målgruppa/-gruppene skal bli eller er involverte i utviklingsarbeidet:

8. Gi ei kort beskriving av andre som blir påverka av utviklingsarbeidet

Det kan være internt på NAV-kontoret, samarbeidspartnarar eller andre:

9. Beskriv relevante funn frå innsikt, forskning og inspirasjon som er eller skal bli brukt.

De kan spare tid ved å sjå på korleis andre har løyst liknande problemstillingar – til

dømes «Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret» og «Erfaringsbasen» på NAV- og statsforvaltarsidene om tilskotet. Tidlegare erfaringar og kunnskapsbasert innsikt er viktig i både utforskningsfasen og utviklinga av tiltaket.

For søknad om vidareføring: viss det har komme nye relevante funn etter oppstart av prosjektet.

10. Kva ønskjer de å oppnå?

Kva gevinstar forventar de for Nav-kontoret, målgruppa eller for lokalsamfunnet? Skriv éin eller fleire konkrete gevinstar for tiltaket. Til dømes:

- I løpet av x månader vil me no mål y for z talet på menneske i målgruppa
- Vi trur dette tiltaket vil hjelpe/redusera/auka ... innan x månader
- Tiltaket skapar/bidreg til ..

Gevinstar for Nav-kontoret

Gevinstar for målgruppa

Gevinstar for lokalsamfunnet

11. Korleis tenkjer de å kartleggje og dokumentere effektane av prosjektet?

Ei skisse for evaluering av måloppnåinga bør vere utarbeidd før oppstart og justerast undervegs. Dette sikrar at det er mogleg å samle inn kvalitative og/eller kvantitative data i løpet av prosjektperioden.

12. Kva strategi har NAV-leiaren for å sikre implementering av relevante funn undervegs og i etterkant av tilskotsperioden?

13. Beskriv forankringa av prosjektet i intern leiing, i bydel/kommune og hos aktuelle samarbeidspartnarar.

14. Kva paragrafar i sosialtenestelova er særleg aktuelle for utviklingsarbeidet? (Du kan velje fleire)

- §1 Formålet med lova
- §12 Informasjon og generell førebyggjande verksemd
- §13 Samordning og samarbeid med andre offentlege organ og tenesteytarar

- §14 Samarbeid med frivillige organisasjonar
- §15 Bustader til vanskelegstilte
- §17 Opplysning, råd og rettleiing
- §18 Stønad til livsopphald
- §19 Stønad i særlege tilfelle
- §20 Bruk av vilkår
- §20a Bruk av vilkår for personar under 30 år
- §27 Mellombels butilbod
- §28 Rett til individuell plan
- §29 Kvalifiseringsprogram
- §42 Plikt til å rådføre seg med tenestemottakar
- Andre:

15. Eigenvurdering av innhaldet i tiltaket.

Eigenevalueringa hjelper NAV-kontoret å vurdere i kva grad tiltaket innfrir tildelingskriteria for ordninga og særskilt prioriterte område i kunngjeringa.

Momenta er henta frå Forskrift om tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret, kap. 0621, post 63 - Lovdata § 5 «Tildelingskriteria», og kunngjeringa 2025 om særskilt prioriterte område.	Ikkje relevant for dette tiltaket (0)	Bruk ein skala frå 1 til 7 der 1 er «i særst liten grad» og 7 er «i særst stor grad» 1 (raud) 4 (gul) 7 (grøn)	Kommentar
I kor stor grad bidrar tiltaket til ein heilskapleg lokal innsats for å førebyggje fattigdom og sosial eksklusjon?			
I kor stor grad bidrar tiltaket til styrkt brukarmedverknad og brukarorientering?			
I kor stor grad bidrar tiltaket til utvikling av nye arbeidsmetodar og/eller nye samarbeidsformer?			

Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret

Søknadsskjema for 2025

I kor stor grad bidrar tiltaket til at kommunane får auka kunnskap om og kompetanse til å løyse levekårsutfordringar?			
I kor stor grad bidrar tiltaket til interkommunalt samarbeid?			
I kor stor grad bidrar tiltaket til tidleg innsats?			
I kor stor grad bidrar arbeidet til deltaking i arbeid og samfunn?			
I kor stor grad er målgruppa barnefamiljar eller ungdom?			
I kor stor grad er tiltaket retta mot bustadsosialt arbeid?			

16. Budsjett og søknadssum

Søknadssum til stilling(ar) (Makssummen for ei 100 % stilling er kr 750 000)	
Overførte midlar frå 2024	
Anna budsjett for prosjektet	
Har de søkt om eller fått andre tilskotsmidlar for arbeid med målgruppa? Viss ja, oppgir du tilskotsordninga og beløpet de har søkt om eller fått.	

17. Underskrift

Vi stadfestar at opplysningane i søknaden er korrekte, og at vi er kjende med plikta til å melde frå om eventuelle framtidige endringar som kan få konsekvensar for vedtaket.		
Stad	Dato	Kommunedirektør

Stad	Dato	NAV-leiar

Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene ved NAV-kontoret

Søknadsskjema for 2025